



# Utmarksbeitet i Oppland

Forfatter

Yngve Rekdal, Norsk institutt for skog og landskap

Sammendrag

Tal frå prosjektet «Arealrekneskap i utmark» viser at Oppland har eit utmarksbeite om lag som landssnittet i kvalitet. Spesielt for fylket er at mykje beiteareal er høgtliggande.

Publisert

2014

Referanse

Sau og Geit nr. 1/2014

Utskriftsdato

31.07.2021 [www.fag.nsg.no](http://www.fag.nsg.no)

# Utmarksbeitet i Oppland

**Tal frå prosjektet «Arealrekneskap i utmark» viser at Oppland har eit utmarksbeite om lag som landsnittet i kvalitet. Spesielt for fylket er at mykje beiteareal er høgtliggande.**

Oppland er det fylket som har flest dyr i utmark og utnyttinga av beiteressursane er høg i høve til andre fylke. Andre arealinteresser ønskjer å nytte mykje av dei same areala. Beitenæringa er avhengig av tilgang på areal og må difor vakte vel på arealbruken i fylket.

## Nasjonalt arealrekneskap for utmark

Etableringa av eit arealrekneskap for utmark er eit samarbeid mellom Norsk institutt for skog og landskap og Statistisk sentralbyrå. Dette skjer med basis i ei nasjonal utvalsundersøking av arealdekket der flater på 1 km<sup>2</sup> blir

vegetasjonskartlagt. Det er 18 km mellom kvar utvalsflate og 1.080 flater fell da på landjorda i Noreg, 77 av desse i Oppland. Samla skal dette gje nasjonal statistikk over utbreiinga av vegetasjonstypar, men det gjev også nokonlunde sikre tal ned på fylkesnivå. 62% av flatene eller 15 fylke er ferdig bearbeidd. Prosjektet er 10-årig, med sikte på å ha ferdigstilt data for heile Noreg i 2015. Rapport for Oppland ligg no føre og kan lastast ned frå [www.skogoglandskap.no/publikasjon/](http://www.skogoglandskap.no/publikasjon/)

## Beiteareal og beitekvalitet


Statistikken over utbreiinga av vegetasjonstypar i Oppland gir grunnlag for ei grov ressursvurdering av utmarksbeitet for sau og storfe. Vegetasjonstypane blir sortert i tre klassar etter innhald og produksjon av beiteplanter. Klassen *mindre godt beite* inneheld vegetasjonstypar der beite-

planter forekjem så spreidd at dyr i liten grad vil oppsøke slike stader dersom alternativ finst. Klassene *godt beite* og *svært godt beite* utgjer til saman *nyttbart beiteareal*. Det vil seie det arealet beitedyr vil ta plantemasse frå av betydning for tilvekst.


Figur 1 viser landarealet i Oppland fordelt på beitekvalitetar for husdyr. 19% av arealet er klassen *ikkje beite*, som omfattar jordbruksareal, bebygde areal og areal utan vegetasjonsdekke, til dømes bart fjell og blokkmark. 81% av landarealet i fylket kan reknast som tilgjengeleg utmarksbeiteareal. Figur 2 viser at av det tilgjengelege utmarksbeitearealet kan 42% klassifiserast som *mindre godt beite*, 44% som *godt beite* og 14% som *svært godt beite*. Figurane viser også tal for heile landet, basert på 62% av flatene. Ut frå figurane ser ein at kvaliteten på utmarksbeitet i Oppland er om lag som landsgjennomsnittet.



Børkdalen i Sør-Fron er av dei beste fjellbeita i Oppland.



Figur 1. Areal av ulik beite kvalitet for husdyr i Oppland og for heile landet, vist som prosent av totalt landareal.



Figur 2. Areal av ulik beite kvalitet for husdyr i Oppland og i heile landet, vist som prosent av tilgjengelig utmarksbeiteareal.

### Varierende berggrunn og høgdetilhøve

Utmarksbeitet i Oppland byr på veldig ulike naturtilhøve; frå skogsbeite i sør, vide fjellskogar og lågfjellsvidder i midt fylket og høgfjell i nord. Snittala for beite kvalitet skjuler store lokale variasjonar. Varierende berggrunn og høgdetilhøve er i første rekkje årsaken til dette. Harde og næringsfattige bergartar som forvittrar seint og gjev lite næring for plantevekster dekkjer over halve fylket. Ein fjerdedel av fylket er dekt av bergartar som forvittrar lett og gir næringsrikt jordsmonn. Slik berggrunn opptrer grovt sett frå Mjøsa mot Randsfjorden, gjennom dal- og fjellareal i Valdres og Gudbrandsdalen til Dovre, med utløparar til Bøverdalen og Sjødalen.

Topografien har mykje å seie for vegetasjonstypfordelinga. I bratt terreng vil det ofte vera ein frisk straum av jordvatn høgt i jordsmonnet som vegetasjonen når ned til, medan vatnet i flatt og opplendt terreng og på grove lausavsetningar renn fort bort og blir utilgjengeleg for plantene. Oppland har stor variasjon i høgd og topografi, noko som er gunstig for beite kvalitet og sesongmessig beiteutnytting. Det som særmerker utmarksbeitet i Oppland er store, høgtliggende beiteareal. Desse fjellbeita har ein særleg verdi for sau som kan trekkje opp i høgda med snøsmeltinga og få tilgang på nygrove utover ettersommaren og hausten. Det ser ein att i lammevekter som gjennomgåande er høgst i kommunane med høgaste fjell i fylket.

### Beitebruk

Utmarksbeitet er ein viktig del av ressursgrunlaget for jordbruket i Oppland. Om lag 42.000 storfe, 246.000 sau, 5.800 geit og 800 hest gjekk meir enn 5 veker på utmarksbeite i 2013. Oppland er det fylket som slemper flest husdyr på utmarksbeite. Over 60% av fylkesarealet vart bruka av organiserte beitelag i 2012. Figur 3 viser at det er jamt med beitedyr over det meste av fylket. I tillegg til dette

kjem tamrein i fjellområda i vest fordelt på fire tamreinlag. For Oppland utgjør dette om lag 9.000 vinterrein. I tillegg kjem også uorganiserte beitedyr, særleg storfe som gjerne nyttar meir gards- og seternære areal.

### Beitekapasitet

Ut frå fordelinga av beite kvalitetar kan det gjerast overslag over beitekapasitet. Her er det *nyttbart beiteareal* ein må ta utgangspunkt




Figur 3. Beitelag i Oppland med sauetalet for beitesesongen 2012. Reine storfelag er vist med lys, gul farge.

i. Dette kjem fram ved å summere klassane *godt* og *svært godt beite*. Dette utgjør 47% av fylkesarealet eller 11.185 km<sup>2</sup>. Om lag 65 saueiningar (s.e.) per km<sup>2</sup> nyttbart beiteareal kan sleppast på beite av den kvaliteten som finst i Oppland. Samla beitekapasitet for fylket, vurdert ut frå plantedeckket, vil da bli 727.000 s.e. Ein del areal vil ha vanskeleg tilgjenge eller kan på andre måtar vera praktisk vanskeleg å nytte som beite. Dette har vi ikkje tal for. Dersom vi skjønsmessig set det praktisk nyttbare beitearealet til 90% av det som er nyttbart ut frå plantedeckket, skulle Oppland ha plass til om lag 654.000 s.e.

Samla beitetrykk frå husdyr i 2013 var 418.000 s.e. Tek vi også med 9.000 vaksne tamrein utgjør dette 27.000 s.e. Samla beitetrykk vert dermed 445.000 s.e. Det vil seie at 68% eller om lag 2/3 av det praktisk nyttbare beitet vart utnytta. Dyretalet på utmarksbeite kan ut frå dette aukast med 209.000 s.e. eller nesten 50% i forhold til dagens tal. Prosentvis er dette lite i høve til dei fleste andre fylke, men i og med at dyretalet er stort frå før utgjør det ein god auke.

Med beitekapasitet er her meint det dyretalet som gjev optimal produksjon av kjøt, samtidig som beitegrunnlaget ikkje blir forringa på lang sikt. Oppland har store skoglause areal som ligg under den klimatiske skoggrensa, ein arv frå tidlegare tiders harde utmarkshausting. Skal attgroing stoppast, må truleg dyretalet vera høgare enn det som gjev best tilvekst. For både Øystre Slidre og Vestre Slidre er det potensielle attgroingsarealet 23% av kommunane sitt totalareal. Ei veldig sterk landskapsendring er her på gang dersom beitetrykket blir for lågt.



**Figur 4. Dei fleste hyttene i Oppland ligg innafor område som blir bruka av organiserte beitelag.**

#### Utmarka er ikkje uendelig

Denne utrekninga av beitekapasiteten i utmark har mange usikre faktorar. Det gjeld til dømes beitetrykket frå storfe som er vanskeleg å talfeste. I tillegg er fleire tilhøve ikkje med i reknestykket. Tilgjengeleg fôr er eit uttrykk for eit felles matfat som også andre dyreslag vil ta sin del av. Fleire villreinstammer brukar større eller mindre delar av Oppland som beite, og fôrbehovet til andre hjortedyr er her heller ikkje rekna inn. Oppland er fylket med flest fritidsboligar; i alt 45.000. Veldig mange av desse er plassert i beiteområde og vanskeleggjer utnyttinga av areal som

beite. Dette er heller ikkje teke omsyn til i utrekninga av nyttbart beite.

Den viktigaste budskapet med denne beiteberekninga for Oppland er at fylket har høg utnytting av beiteressursane i utmark i høve til andre fylke. Midtre delar av Gudbrandsdalen har særleg høg utnytting. Ved planlegging av beitebruk og omdisponering av areal til andre formål, må det takast omsyn til dette. God kunnskap om naturgrunnlaget er viktig for å få størst mogleg samla utbytte av arealbruk i utmark.

Tekst og foto: Yngve Rekdal  
Norsk institutt for skog og landskap

## VitaMineral® DREKTIG SAU

- med fokus på helse og livskraftige lam

- Tilskuddsfôr som styrker immunforsvaret hos søye og lam
- Reduserer faren for jurbetennelse
- Reduserer faren for "stivsjuke" hos lam
- Høyt innhold av **vitamin E**, også fra naturlige kilder
- Inneholder **organisk selen**

Kontakt oss eller din fôrleverandør for mer informasjon

[ Hensmoveien 30, 3516 Hønefoss • Tlf. 32 14 01 00 • [www.normin.no](http://www.normin.no) ]



**NORMIN**